

Ottar Grepstad

Det nye kulturrådets demokratiske rolle i kulturpolitikken

Innleiing på konferansen KulturRikets Tilstand

Litteraturhuset, Oslo 20. oktober 2010

Norsk kulturråd hadde meir kulturpolitisk makt for tre tiår sidan enn i dag. Kor stort den nye institusjonen blir, er eit demokratisk problem, ikkje eit kulturpolitisk. Det kan sjå ut til at grensene mellom administrativ og politisk avgjerds makt i Norsk kulturråd no blir trekte skarpt opp. Det avgjerande er det nye kulturrådets demokratiske rolle i kulturpolitikken.

Det skal eg utdjupe ved å plassere skiljet mellom politikk og kunstfagleg skjønn ein annan stad enn der kulturministeren har gjort, peike på eit kulturpolitisk kontradiksjonsprinsipp, grunngi kvifor Norsk kulturråd no treng eit anna råd og skissere ei anna tenking enn den som gjer Norsk kulturråd til eit kreativt kraftsentrumsentrum. Heller ikkje denne gongen er det nokon som vil forsvare gaukungen.¹

¹ Innleiinga blei framført under ein bolks med tittelen "Det nye kulturrådet – forvokst gjøkunge eller kreativt kraftsentrumsentrum?"

Politisk endring utan politisk diskusjon

Etter stortingsvalet i 2005 var meldinga frå sjette etasje i Kulturdepartementet ”mindre byråkrati og meir kultur”. Etter kort tid var dette snedig justert til ”mindre byråkrati og betre kultur”. Få månader etter at det justerte slagordet gjekk ut døra i Kulturdepartementet, blei det bestemt at oppgåver og tilsette i ABM-utvikling i all hovudsak skulle fordelast mellom Nasjonalbiblioteket og Norsk kulturråd. Det *kan* bety meir byråkrati og betre kultur.

Frå 1. januar 2011 er Norsk kulturråd ein heilt annan institusjon enn det folkevalde og kulturliv førestelte seg så seint som hausten 2009. No får landet ein sentralisert forvaltningsinstans med mange fleire tilsette – det skal gjerast rom for 118 tilsette – enn norsk kulturliv har sett før. Dette er den største omorganiseringa av statsforvaltninga i kultursektoren i nyare tid. Den blir gjennomført utan brei drøfting i Stortinget og ut frå eit enkelt og knapt – då er eg høfleg – stortingsdokument som regjeringa la fram ei veke før Stortinget tok ferie i 2010. Ei tilsvarande omorganisering i helse- og samferdslesektoren utan grundig stortingsdrøfting er utenkjeleg.

Omorganiseringa representerer ei politisk endring, men blir gjennomført utan nemneverdig politisk diskusjon. Kulturløftet har altså framleis ikkje gjort kulturpolitikken viktigare for mange andre enn kulturpolitikarane og kulturaktørane.

Verdien av kunst- og kulturpolitisk skjønn

Trond Giske ville skilje skarpt mellom politikk og kunstfagleg skjønn. Det same vil Anniken Huitfeldt.² Likevel konkluderer ho annleis enn han. Regjeringa er den same, det er partiet også, men statsråden og meininga er ei anna, iallfall om

² Anniken Huitfeldt: ”Mer ansvar til Kulturrådet”, *Aftenposten* 5.10.2010.

Norsk kulturråd. Einvegskøyringa er oppheva. Trass i denne radikale kulturpolitiske skilnaden applauderte kulturlivet visstnok like mykje då Giske la fram kulturbudsjettet for 2010 som då Huitfeldt la fram sitt for 2011.

Der *er* eit skilje mellom politikk og kunstfagleg skjønn. Eg meiner det skiljet går ein heilt annan stad enn der kulturministrane plasserer det.

Norsk kulturråd skal ta sine avgjerder ut frå eit kunstfagleg skjønn. I eit samfunn med jamt meir profesjonalisering og fleire rigide avgjerdssystem, og med ei aukande tru på at rettferd er ein matematisk kategori og ikkje ein etisk verdi, har verdien av skjønn jamleg blitt nedskriven, og av mange avskriven. Di meir makt som blir lagt til rådet i Norsk kulturråd, di større kan verdien bli av dette kunstfaglege skjønn. Eit slikt kunstfagleg skjønn kan ikkje utøvast fritt for politiske vurderingar. Rådet i Norsk kulturråd skal krysse grensene mellom kunstsektorane, gå på tvers av administrative og faglege inndelingar, sjå samanhengar og skilnader mellom ulike typar prioriteringar. Det er ikkje mogleg utan å vurdere kva som då er viktig. Alle slike vurderingar er politiske og kan ikkje anna vere.

Det spesielle med konstruksjonen Norsk kulturråd er at det samla skjønn til kollegiet av ti rådsmedlemer byggjer på to typar faglege vurderingar. Ein administrasjon av sektorfaglege medarbeidarar vurderer alle prosjekt og søknader, og gir sine tilrådingar til fagutval og underutval som er oppnemnde av rådet. 80–90 medlemer av underutval og fagutval gjer så sine tilrådingar til rådet, eller avgjer saka innanfor eit reglement for delegert mynde som rådet har fastsett.

Slik har det vore. No kan det bli annleis.

Eit kulturpolitisk kontradiksjonsprinsipp

I si innstilling frå sommaren 2009 rådde Løken-utvalet til at fleire saker skulle avgjerast administrativt i Norsk kulturråd. Mykje av det som var på tale, var mindre saker, men løysinga innebar å flytte kulturpolitisk makt til administrasjonen. Dermed kunne departementet gjennom sin effektive styringsdialog forme verksemda i Norsk kulturråd på ein måte som gjorde det ganske uinteressant kor mediesynleg direktøren er.

Argumentet for å integrere ABM-utvikling i Norsk kulturråd har vore at dei begge arbeider med oppgåver av same slag. Det gjer dei berre på overflata. Rekna i tilsette er dei om lag like store, men i tradisjon er de ulike. Norsk kulturråd har halde det gåande sidan 1965, ABM-utvikling frå 2003. Den eldste institusjonen har, iallfall på sitt beste, jamleg tøygt grenser og hevda sitt sjølvstende. Den yngste institusjonen har vore eit forvaltningsorgan som ofte har tenkt sitt, men som heile tida har kunna bli overprøvt av departementet.

Mandatet for Norsk kulturråd har vore eit heilt anna enn for ABM-utvikling. Norsk kulturråd skal heile tida søkje mot grensene, forvalte det eg har kalla kulturpolitisk risikokapital, ta sjansar, utfordre det som blir teke for gitt. ABM-utvikling har vore eit forvaltningsorgan med sterk vilje til å påverke organisatoriske endringsprosessar i kulturfeltet og dessutan utføre mange tilsynsfunksjonar og oppfølgingsoppgåver. Slike har Norsk kulturråd aldri hatt, men no kjem dei. Det kan gi Kulturrådet ei eigeninteresse på kulturfeltet som ikkje er av det gode.

To institusjonar med svært ulik historie og heilt ulike samfunnsoppdrag skal no fusjonere. Her skal ein løyse eit kulturpolitisk kontradiksjonsprinsipp. Det skal vere armlengds avstand frå lovgivande og utøvande statsmakt til rådet. Den avstanden skal derimot ikkje finnast overfor direktøren. Kontradiksjonsprinsippet slår inn når ein og same institusjon både skal utøve kunst- og kulturpolitisk skjønn på armlengds avstand og løyse tradisjonelle

forvaltningsoppgåver innanfor ramma av styringsdialog mellom departement og institusjon. Difor blir det viktig kva avgjerder som no blir lagde til direktøren og ikkje til rådet, og kva rådet gjer med dette. Noko av dette blir avklara i statsbudsjettet for 2011.³

Eit anna råd

Omorganiseringa av Norsk kulturråd stiller store krav til den nye direktøren. Samanslåinga av ABM-utvikling og Norsk kulturråd må også få følgjer for sjølve rådet. Det gamle kulturrådet handterte om lag 7000 saker i året. No blir saksmengda så stor at rådet må spisse arbeidet sitt, styre meir i det store og sleppe meir ned til fagutval i det små. Dermed blir fleire med og tek avgjerdene. Med arkiv og museum blir kulturarv ein mykje større del av porteføljen enn før.

Løken-utvalet gjekk inn for meir sektorspesifikk kunstkompetanse blant dei ti rådsmedlemene. I det nye kulturrådet treng derimot rådet både spesialistar og generalistar som er breitt nok orienterte til å vurdere på tvers av sektorgrensene i kulturen. Det er brei kompetanse på tvers Norsk kulturråd treng, ikkje smal kompetanse på langs.

Rådet skal bruke sitt kunstnarlege og kulturpolitiske skjønn innanfor det handlingsrommet som er etablert gjennom forskrift og det allmenne kulturpolitiske debatten i Noreg. Dette er ikkje ein fast storleik som ingen kan påverke. Rådet må sjølv vere med og skape handlingsrommet sitt. Då må rådet bruke fleire arenaer enn sin eigen og yte sitt til dei mange kunst- og kulturpolitiske debattane som går rundt forbi.

³ I *Prop. 1 S (2010–2011) Kulturdepartementet* er formuleringane noko andre enn i kronikken i *Aftenposten* 5.10.2010. I budsjettokumentet blir det framheva at "Norsk kulturråd frå 2011 får økt beslutningsmyndighet. Dette nødvendiggjør at det er det kollegiale organet som er besluttsende myndighet og ikke administrasjonen". Vidare heiter det at departementet vil "øke rådets disposisjonsfrihet når det gjelder de midlene som bevilges til Norsk kulturfond" (s. 61).

Forvaltning og utvikling

Mykje har vore sagt i seinare år om spreining av makt i kulturlivet. Det har helst blitt spreining i det små. Gjennom budsjettdokumenter og tildelingsbrev styrer Stortinget og departementet i dag innhaldet i verksemda til sjølvstendige kulturinstitusjonar mykje stramare enn for berre ti år sidan. Her har ABM-utvikling hatt ei anna rolle enn Norsk kulturråd.

Det er ikkje slik at Norsk kulturråd er lik utvikling og nytenking, og at ABM-utvikling har vore administrasjon og forvaltning. Få ord i kulturpolitikken er meir innhaldslause enn ”nyskaping” og ”nytenking”. Begge snakkar om ”utvikling”, men ”utvikling” i ABM-utvikling har nok vore noko anna enn ”utvikling” i forskings- og utviklingsavdelinga i Norsk kulturråd.

Det viktigaste skiljet mellom ABM-utvikling og Norsk kulturråd dreiar seg ikkje om administrasjon vs. nytenking. Det dreiar seg om den fortida begge institusjonsmiljøa tek med seg inn i Det nye kulturrådet. Norsk kulturråd si oppgåve har vore å finne ut korleis ting kan bli bra, medan oppdraget for ABM-utvikling heller har vore å finne fram til korleis ting skal vere.

ABM-utvikling blei sett til å løyse forvaltnings- og utviklingsoppgåver på vegner av departementet, og det gjorde institusjonen med stor kraft, iallfall på museumsområdet. Det er ABM-utvikling, ikkje Norsk kulturråd, som har endra norske museum det siste tiåret. Det gjorde ABM-utvikling dels i rolla som rådgivar der ein meir eller mindre eksplisitt sa kva resultatet måtte bli, og dels ved å utvikle ei sentralisert tenking om kva andre skulle eller burde gjere.

Norsk kulturråd ber med seg ei anna tenking om utvikling. Institusjonen har vore vidopen for initiativ utanfrå og har drive oppsøkjande verksemd utan ein operativ agenda eller press ovanfrå om bestemte utfall. Haldninga har vore å prøve å sjå bak søknadene, finne ut kva som kan vere støtteverdig og etablere kontakt med søkjarane for å finne ut korleis det som ser dårleg ut, kan bli betre.

Ein slik sympatisk lesemåte kombinert med kritisk motstand og jamføring med andre prosjekt sikrar klokare avgjerder.

Mange kreative tyngdepunkt

Det nye kulturrådet blir så stort at maktfordelinga mellom søkjar og utøvar på den eine sida og forvaltningsorganet på den andre blir endå skeivare enn før. For eit organ med så mykje kompetanse innomhus er det fort gjort å utvikle veremåtar og handlemønster som gjer enkeltaktørane i kulturlivet mindre viktige enn dei faktisk er. Det er vanskeleg, men klokt å møte kvar søkjar og kvar aktør med den haldninga at dei har tenkt noko eller veit noko som ein sjølv ikkje veit. Ofte er det ikkje slik, men det kan ingen vite på førehand.

Store delar av løyvingane frå ABM-utvikling har vore knytte til fastlagde program og prioriteringar. Det nye kulturrådet må ha romslege avsetningar til frie midlar som kan brukast til kva det skal vere av kvalifiserte prosjekt. Det vil vere til glede for kunstnarar som ikkje kjenner seg heime på ein bestemt budsjettpost, og for eit kulturråd som med frie midlar utvidar handlingsrommet sitt og går inn i prosjekt utanfor dei faste kategoriane. Ofte er desse prosjekta dei viktigaste konkretiseringane av ord som ”nyskaping” og ”nytenking”.

Eit kreativt kraftsentrum kan Norsk kulturråd berre vere ved å bli eit udemokratisk organ som overstyrer dei mange aktørane og institusjonane der ute i kulturlivet. Alle nye rådsmedlemer i Norsk kulturråd blir overvelda av den tankekrafta og det drivet som der finst. Når Norsk kulturråd har lykkast, er det fordi institusjonen har vist respekt for dette.

Dei gode prosjekta, dei nye initiativa, dei uventa tankane som kryssar dei fleste sektorgrenser og fagrevir. Kulturlivet er fullt av sjølvstendige institusjonar og eigenrådige aktørar som kvar har sitt ansvar for det dei gjer og ikkje gjer. Dette må det nye Kulturrådet respektere. Der skal vere armlengds avstand både

mellom Stortinget og regjeringa på den eine sida og Kulturrådet på den andre, men det skal også vere ein slik avstand mellom Kulturrådet og aktørane. All den kompetansen det nye Kulturrådet forvaltar, og all den makta administrasjon og valde organ utøver, må brukast klokt, lyttande, imøtekomande overfor det kulturlivet dei er sette til å tene.

Det er alle desse mange kreative tyngdepunkta som til saman kan gjere norsk kunst- og kulturliv til eit kreativt kraftsentrum, ikkje Norsk kulturråd åleine.